

## **Referat frå ekstra møte i Vest-Telemarkrådet 8. januar 2014.**

Tilstades: Regionvaraordførar Erik Skjervagen, Torstein Tveito, Jan Torbjørn Sollid Tveit, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Øyvind Tveit, Olav Kaasa, Per Dehli, Brit Houge, Jan Myrekrok, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 01/2014 Referat frå rådsmøte 26. november 2013.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 26. november 2013 vert samrøystes godkjent.*

### **Sak 02/2014 Dialog med Statens vegvesen om komande utbetringar på E 134 mellom Seljord og Åmot.**

Avdelingsdirektør Kjell Solheim, seksjonssjef Helene Byre og prosjektleiar Turid Leikvoll frå Statens vegvesen Region sør var tilstades og orienterte nærare om den nye situasjonen som har oppstade på strekningen Seljord - Åmot etter at bompengeordninga har falle bort.

Strekningen Seljord - Brunkeberg har hatt 1.-prioritet i bompengeprosjektet ut frå regelverket for den planlagte bomplasseringa i Heggveitbakkane, og bortfallet fører til at det er aktuelt å endre prosjekt-rekkefylgja slik at dei "vanskelegaste" parsellane vert prioritert fyrst.

Dette inneber at strekningen Seljord – Brunkeberg kjem til utbetring som siste prosjekt av dei 4, og at det kan bli aktuelt å be om auka løyvingar når den tid kjem.

Kjell Solheim orienterte også kort om status for bomprosjekta på Rv 36, status for utbetringane på E 134 i Grungedal samt om vedlikehaldsplanane på Rv 41.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til vegvesenets forslag om å utbetre dei aktuelle delstrekningane i fylgjande rekkjefylgje: Åmot aust, Rui-bakkane, Liberg-bakkane og Seljord – Brunkeberg. Dersom det oppstår behov for auka løyvingar, vil ein ta opp dette på eit seinare tidspunkt.*

### **Sak 03/2014 Dialog med Telemark Bilruter i samband med organiseringa av lokal kollektivtrafikk.**

Styreleiar Birger Nygård og disponent Svein Olav Straand var tilstades og orienterte om utviklinga i Telemark Bilruter dei seinare åra, dagens aktivitet og situasjonen i samband med organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark og Agder-fylka. Saken om organisering av kollektivtrafikken har gått føre seg over lengre tid, og vart utsett nok ein gong i handsaminga i Fylkestinget 10. - 11. desember 2013.

I tillegg til spørsmålet om Vestviken kollektivtrafikk skal halde fram som innkjøpsorgan for fylkeskommunen, gjeld også saken val av kontraktsform, hhv brutto- og nettokontrakter.

Netto-kontrakter er kjenneteikna av at transportørane beheld billett-inntektene og såleis også har kostnadsrisikoen. Denne forma er sterkt ynskjeleg sett frå regionalt hald då nettokontraktene vidarefører det ansvaret og det engasjementet som har kjennteikna dei lokale trafikkselskapa opp gjennom tidene.

Nettokontrakter er eit viktig grunnlag for å kunne vidareutvikle ekspressrutene Haukeliekspressen, Telemarkekspressen og Grenlandsekspressen, som står for meir enn 50 % av Telemark Bilruters omsetning.

Selskapet er ei viktig regional bedrift med eit betydeleg antal arbeidsplassar og stor aktivitet både i og utanfor regionen.

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet ynskjer å utvikle eit nærare samarbeid mellom regionen og Telemark Bilruter, og legg til grunn eit langsiktig perspektiv i dette. På kort sikt vil samarbeidet gjelde den vidare organiseringa av kollektivtrafikken i Telemark.*

*Rådet ser det som tenleg at det vert oppretta eit permanent nettverk samansett av representantar frå regionen og trafikkselskapet. Nettverket skal mellom anna ha som mandat å bidra til auka informasjon og dialog med aktuelle politiske og administrative nivå.*

*Forslag til samansetnad av nettverket vert å sette opp som sak på komande rådsmøte.*

#### **Sak 04/2014 Spørsmål om deltaking i tilskotsordning gjeldande "Utviklingsprogrammet for byregionar".**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (tidl. KRD) lyser inneverande år ut inntil 27 mill kroner til eit utviklingsprogram for byregionar, der ein mellom anna har som siktemål å få auka kunnskap om samspelet mellom by og omland, og bidra til vidare utvikling i regionane.

Telemark fylkeskommune har tillyst eit arbeidsmøte 9. januar der ein ynskjer å orientere nærare om saken og klårlegge interessa for å søke midlar frå programmet.

Rådmennene i Vest-Telemarkkommunane har, etter møte 7. januar, signalisert at dei ikkje vil tilrå at kommunane/regionen utarbeider felles søknad.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til rådmennenes tilråding om ikkje å søke midlar frå dette utviklingsprogrammet.*

*Regionrådsleiar har høve til å møte i arbeidsmøtet 9. januar og gjera greie for rådets vedtak.*

#### **Sak 05/2014 Dialog med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI omkring moglegheitene for busetting av flyktingar.**

Regiondirektør Ingrid Sætre og seniorrådgjevar Beata Reppen frå IMDI Sør var tilstades og orienterte nærare om bakgrunnen for saken.

Meir enn 5000 flykningar har i dag fått løyve til å busette seg i Noreg, men sit i asylmottak og ventar på ein stad å busette seg. Flyktingane kjem for ein stor del frå Somalia, Eritrea, Afganistan, Syria og Sudan. Representantane frå IMDI peika på at mange av desse har god utdanning og vil på sikt kunne bli verdfulle arbeidstakarar i kommunane. Det vart vist til at det er sendt formelle henvendingar til Kviteseid, Nissedal og Tokke om å busette eit konkret antal flyktingar i 2014. Ordførarane gjorde greie for situasjonen i kvar enkelt kommune, og det vart orientert om dei ulike tiltaka og erfaringane ein har i høve til bustader, utdanning, integrering osv.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Det er aktuelt å invitere representantar frå IMDI og gjerne også Husbanken til eit seinare rådsmøte.*

#### **Sak 06/2014 Orienterings- og drøftingssaker.**

Nyttårsmøtet på Skagerak Arena 3. januar.

Møtet var initiert av fylkesordførar Terje Riis Johansen og lagt opp som eit felles rådslag om:

- utfordringane for Telemark i 2014
- korleis vi saman kan fremje fylkets interesser
- korleis vi kan samarbeide for å gjera 2014 til eit godt år for Telemark.

På rådsmøtet kom det fram synspunkt om at møtet var viktig, og at dette er ei type samling som det er ynskjeleg å gjenta.

Domstolstruktur.

Det låg føre e-post frå jordskifterettsleiar Svein Dag Midtsund med invitasjon til å delta i eit komande møte mellom leiarane av jordskifteretten/Tingretten i Kviteseid og representantar frå tilsvarande rettsinstansar i Hallingdal/Øvre Buskerud. Det vart klårlagt at Erik Skjervagen, Hans Bakke og Kjell Gunnar Heggenes skal delta på møtet.

Sjukehussaken, herunder forslag om å flytte DPS frå Seljord.

Forslaget om å legge ned DPS i Seljord rammar ei svak gruppe i samfunnet.

Seljord kommune arbeider med uttale i saken som også kan leggast til grunn i ei mogleg uttale frå Vest-Telemarkrådet. Uttaleforslag vil ligge føre torsdag 16. januar med tanke på distribusjon til medlemene av Vest-Telemarkrådet og eventuell handsaming i rådsmøtet 21. januar.

Forslag om endring av presterssursane og prostistrukturen i øvre Telemark – høyring.

Det låg føre høyringsbrev frå Agder og Telemark bispedømmeråd gjeldande endringar innan presteressursane i Aust-Telemark prosti og Vest-Telemark prosti. Vidare låg det føre endringsforslag om å slå saman dei 2 prostia til eit nytt "*Øvre Telemark prosti*" med prostesete lagt til Seljord.

Vest-Telemarkrådet ba Tokke kommune lage utkast til felles uttale med tanke på godkjenning i Rådet. Uttalefrist er sett til 15. februar 2014.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes